

# Radar

2015 nr. 1

Kyrkjeblad for Radøy sokn

31.årgang





DEN NORSKE KYRKJA  
Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger  
Tlf 5634 9840

[www.kirken.no/radoy](http://www.kirken.no/radoy)

Dagleg leiar Audun Sylta  
901 95 179

Kontorfullmektig  
Hilde Marit Solend  
5634 9840

Sokneprest Kjell Sekkingstad  
951 41 360

Prostiprest  
Marianne Støylen Skauge  
472 34 796

Trusopplæringsmedarbeidar  
Willem Vogelaar  
479 73 670

Organist I J.William Kay  
915 91 482

Organist II Frode S.Storheim  
948 38 985

Dirigent Radøy damekor  
Jūratē Norkuvienē  
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane  
Arne Palmesen  
911 53 484

Kyrkjetenar  
Berit Karin Vogelaar  
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G.Hvidsten  
909 18 214



## Nytt frå dagleg leiar

### *Stolar i Hordabø kyrkje*

Kyrkjelydsutvalet i Hordabø ynskjer å ta bort nokre av benkane i kyrkja og setja inn stolar. Kyrkja vil dermed verta meir fleksibel, spesielt til konserter då det er trong for meir plass framme i kyrkja. Det vil også letta tilkomsten for rullestolbrukarar. Bjørgvin bispedøme har no godkjent at det kan takast bort seks benkar og soknerådet har gjort vedtak om å kjøpe inn 40 stolar.

Kyrkjelydsutvalet har vore svært aktivt og hatt konserter, basar og loddsal slik at finansieringa er i orden. Utvalet ynskjer at fargane på benkane skal gå att i dei nye stolane. Endeleg fargeval må godkjennest av bispedømet.

Hordabø kyrkje vart opna 5.august 1975 og har 140-årsjubileum i 2015. Utvalet vil gjerne ha på plass dei nye stolane til jubileet i august.

### *Kyrkjelydens årsmøte*

Søndag 26.april kl. 18.00 vert det årsmøte for Radøy sokn i Manger kyrkje. Tradisjonelt har årsmøta vore på ein søndag etter gudstenesta. Vi vil i år prøve ein ny vri der det vert konsert før årsmøtet. Etter konserten vert det kyrkjekaffi og årsmøtesaker.

### *Gravplassane*

Vinteren i år har vore nedbørsrik og det har knapt vore frost i bakken. Vi får meldingar om at det er svært vått

ein del stader. Det er ikkje tilfredstillande for nokon at det er slik, men det er dverre ikkje alltid så enkelt å retta på det. Grøfting må stort sett vente til vi kan få omregulert eit felt, noko som kan ta lang tid. Dei nye felta på gravplassane er stort sett godt drenerte, så problema gjeld stort sett dei gamle felta.

### *Reidskapshus på Hordabø*

Vi har i praksis ikkje hatt rom for materialar og reiskap på Hordabø. Lageret har vore i ein gammal vanntank vest for kyrkja. Arbeidet vart påbegynt med utgraving og fylling av steinmassar i 2014. No har våre to allsidige utearbeidrarar sett opp grunnmuren og vonleg vil vi få opp bygget og tatt det i bruk i løpet av 2015.

### *Ny organist II*

Frode Skag Storheim tok til som organist II i 15% stilling den 1.februar i år. Frode kjem frå Radøy og har spelt i kyrkjene våre som vikar sidan 2008. Han starta pianistutdanning ved Griegakademiet i Bergen i 2008 og arbeider som frilansorganist i Nordhordland og Bergensområdet. Han har no endeleg fått sin første faste jobb ifølge han sjølv.

Frode Skag Storheim har allereie hatt eit par tenester for oss etter tilsetjinga, men 8.mars som også er Frode sin fødselsdag fekk vi ønska han offisielt velkommen i kyrkja på gudstenesta på Hordabø.

*Audun Sylta*



*Dagleg leiar*

## Nye kyrkjekstilar i Sæbø

1.sundag i adventstida 2014 vart dei nye kyrkjekstilane i Sæbø kyrkje tekne i bruk. Det er Sæbø kyrkjeforeining som står bak den flotte gåva.

Kyrkjeforeininga har jobba lenge med å samla inn pengar til nye kyrkjekstilar i Sæbø kyrkje. Hittil har kyrkja kun hatt grønn prekestolklede, men takka vera den storstile gåva frå foreningsdamene har kyrkja fått nye klede både til prekestol og lesepult i alle kyrjeårets fargar.



Radøykunstnaren Åse Eriksen har laga dei vakre tekstilane som vart brukt for første gong under Lys Vaken-gudstenesta den 30.november. Sokneråd og kyrkjelyd sender ein stor takk til kyrkjeforeininga!

## Leif Ove, Harmonien og Damekoret




I januar var songarar frå Radøy damekor med på to konserter saman med Leif Ove Andsnes og Bergen Filharmoniske Orkester. Begge konseriane var utselde og vart sendt direkte både i NRK P2 og i nett-tv via BFO sitt "Digitale konserthus."

Songarane frå damekoret var med i det store "strilekoret" som framførte Beethoven sin Korfantasi saman med orkesteret og Andsnes. Ei stor oppleving for alle som var med!



# BARNAS SIDE





**Fargelegg**

Dei glade kvinnene ved  
Jesus si tomme grav!

Teikningar: Kari Sortland

**Finn  
5  
feil**

Dei to biletene er  
nesten like. Finn  
du dei fem feila på  
biletet til høgre?



Abonnér på barnebladet

**BARNAS**

**16 blader + DVD eller bok  
= berre 365,-**

(privatabonnement  
heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,-  
per barn

Ting på [barnas@sondagsskolen.no](mailto:barnas@sondagsskolen.no) eller på telefon 22 08 71 00



Bibelteikneseriar  
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som  
faddergåve!





## Kven skal styre kyrkja vår?

# Kyrkjevalet 2015

Den 14. september er det val på nytt sokneråd, og fram til 1. mai kan du påverka kven som skal stå på lista over kandidatar.

Forslag på kandidatar til soknerådet kan meldast til nominasjonskomiteen i Radøy innan 15. april 2015. Kontaktperson er leiar i valstyret, Gudrun Rikstad (tlf 916 84 978). Medlemer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2015 fyller 18 år kan veljast.

### Alternative lister

Soknerådet har oppnemnt ein nominasjonskomite som skal lage ei liste. Det er i tillegg høve for andre å levere inn eigne kandidatlister innan fristen 1. mai 2015. Forslag til kandidatlister skal vere underskrivne av 10 røysteføre medlemer. For å få vita krav til kva opplysningar som skal vera med om kvar kandidat kan du sjå våre valsider på [www.kirken.no/radoy](http://www.kirken.no/radoy)

Alle kandidatlister skal ordnast i prioritert rekkefølge (ikkje alfabetisk). Kandidatlister bør om mogeleg ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år.

Når det er tid for å velja, vil alle kandidatar på lista få ei røyst kvar, medan inntil tre av dei kan få to røyster kvar dersom veljaren set kryss framfor namnet til kandidaten. Det vil også vera mogeleg å overføra namn frå ei liste til ei anna, dersom det er fleire lister.

### To val

Kyrkjevalet finn stad 14. september 2015, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på fire leke medlemer av bispedømerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet. Medlemene av bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemer i Kyrkjemøtet, det høgste organet i Den norske kyrkja. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og fylkestingsvalet og i nærleiken av dei offentlege vallokala. Alle røysteføre medlemer av kyrkja vil få tilsendt eit valkort i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan røysta.



### Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvane og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna miljø og rettferd, gudsteste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, i tillegg til jus og forvaltning av økonomien.

Det er 8 medlemer i Radøy sokneråd. Dei har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta.

Soknerådet møtest cirka 10 gonger i året. Dei aller fleste som sit i eit sokneråd, opplever at vernet ikkje krev mykje av fritida deira; dei fleste nyttar mindre enn ein time i veka på vernet. Medlemmene er valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemmr viser at eit stort fleirtal både trivst og opplever det som meiningsfylt å sitja i soknerådet. 85 prosent av rådsmedlemene synest vernet var meir eller om lag så tilfredsstillande som dei hadde forventa.

- Du kan lesa meir om kyrkjevalet både i Radøy og Bjørgvin på våre valsider. Gå direkte dit ved å gå inn på [www.kirken.no/val-radoy](http://www.kirken.no/val-radoy) Der kjem vi til å halde dykk oppdatert med alt som har med kyrkjevalet å gjere!

# Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015

## I kriser er vatn kritisk

**Klimaendringane fører til fleire og verre katastrofar, og truer menneskes tilgang på rent vatn. I haust overlevde Muhammed og familien så vidt den dramatiske flaumen i Pakistan.**

Det er dei fattigaste som vert hardast ramma av klimaendringane, anten det er i tyfon på Filippinane, tørke i Etiopia eller flaum i Pakistan.

Ein av dei som nyleg har fått merke dette på kroppen, er Muhammed Irsdad. Han er gift og har 3 born, og bur i landsbyen Basti Riaz Abad i Pakistan. Ein morgen tidleg i oktober kom flaumen brått til landsbyen.



*Muhammed Irshad (25) i landsbyen Basti Riaz Abad i Punjab, Pakistan, mista alt når flaumen kom. Dette er den største katastrofen vi har opplevd, seier han. Foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.*

- Vatnet kom i stor fart frå kanalen, og eg måtte ta med familien og springe i tryggleik. Vi sprang til nærmeste landeveg, som ligg litt høgare enn resten av landsbyen. Slik berga vi livet, fortel Muhammed.

### Vart sjuk av vatnet

Familien vart buande på denne landevegen uten ly i over ein månad, ventende på hjelp. Då flaumen kom, hadde dei ikkje tid til å ta med korkje husdyr eller annan eige-dom. Huset vart fullstendig øydelagt og husdyra drukna.

- Vi har aldri opplevd flaum i landsbyen før, det er noko heilt nytt, seier Muhammed. Flaumen hadde store konsekvensar for Muhammels familie. Tidlegare jobba Muhammed som tryggleiksvakt og heile storfamilien var avhengige av inntekta hans. Etter flaumen måtte Muhammed vere saman med familién og han miste difor jobben. I tillegg har flaumen gjort at drikkevatnet er forureina.

- Dottera mi på to år er blitt sjuk av å drikke vatnet etter flaumen. Det er så vidt vi hadde råd til å betale for medisinane ho treng for å overleve, fortel han alvorleg mens kona held dottera tett inntil seg.

Kirkens Nødhjelp sin partner Sunghi var ein av dei første organisasjonane som kom til Basti Riaz Abad. Dei skal gje Muhammed og landsbyen nye handpumper, latriner, hygieneutstyr og sikre at landsbyen på nytt får trygt vatn.

### Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei sørger for rent vatn og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagt. Samstundes jobbar dei saman med folk i utsette område for å førebyggje den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar i tillegg med å påverke politikarar og andre som styrer og tek avgjerder, til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelpe. 22.-24. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015 av stabelen. Dette er kyrkjelydene sin eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere der med rent vatn når katastrofen rammar.

Difor håpar vi du vil støtte fasteaksjonen 2015 i Radøy, anten ved å stille som bøsse-bærar eller med penger i bøssa. Vi oppmodar deg også til å bruke stemma di i fasteaksjonens klimakampanje og slik bidra til å stoppe klimakrisa.



*Ruinene: Muhammed Irshad framfor det som ein gong var inngangsdøra til huset. Her kom flaumen frå, seier han og peikar. Foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.*



*Muhammed Irshad og familien hans fikk livet endra totalt når flaumen ramma landsbyen. Huset vart fullstendig øydelagt, og den yngste dottera, Sadia (2), har vorte sjuk av det forureina vatnet. Foto: Fahim Farid/ Kirkens Nødhjelp.*

# Helsing frå Estland

## Rekordbesøk på søndagskolen i Saku

“Vi er i full sving igjen”, skriver misjonærene Ave og Magne Mølster i Estland på bloggen sin. - Vi har nok å gjøre med babysang, søndagsskole, jenteklubb, gudstjenester og bønnemøte. Ungdomskveld og konfirmasjonsforberedelser starter opp litt senere.

Vi hadde nylig vårt søndagsskolemøte for å planlegge resten av semesteret. Vi diskuterte blant annet hvordan vi skulle få flere barn til å komme til søndagsskole: Den siste tiden har besøket på søndagsskolen variert fra 5-10 barn per gang.

## Luksusproblem

Vi bestemte oss for å lage en plakat i lokalavisa og på utetavla. Men før vi hadde rukket å få plakaten ferdig, dukket det opp 19 barn på den første søndagsskolen januar! Så mange barn har det aldri vært på søndagsskole i Saku menighet! Det var nesten alle de barna som har vært innom søndagsskole i løpet av den siste tiden, pluss én ny. For et bønnesvar! Nå er vi litt skeptiske i forhold til å verve nye barn, fordi vi ikke har plass for flere – hvis alle kommer samtidig. Heldigvis fikk vi den ideen å dele gruppa i to på slutten av timen, ellers hadde ikke alle fått plass oppe på verkstedet. Vi hadde rett og slett et luksusproblem.



## Bønnesvar

Høsten 2014 startet vi opp med jenteklubb for 10-15-åringer. Hovedhensikten med dette var å kunne fange opp jentene som har vokst ut av søndagsskolen – og dette fungerer! Det har vært en lørdags formiddag i måneden med et spennende “jentetema», snakk om kvinner i Bibelen og et deilig måltid (som vi lager sammen). Vi koser oss! Temaene i høst har vært: helse, vaske/ryddetips, skjønnhet, julemat, bakeboller.

Det gledelige er at noen av disse unge jenter er interessert i å dra til vinterens store kristne ungdomsleir i Estland! Dette er igjen et bønnesvar, og gir oss bekreftelse på at dette er en viktig gruppe! Takk for at dere ber! Det hjelper masse!

Ave og Magne Mølster 30.01.2015

## Min salme

Eg har ikkje éin favorittsalme. “Salmeskatten” er stor, og det er mange eg likar og har eit forhold til. Salmeval skiftar med både årstider og sinnsstemning.



Etter lang tenkjing stod valet til slutt mellom tre, og sidan dette er påskenummeret av Radar, så enda eg opp med nr 197 – Deg være ære. Dette er for meg ein mektig påskesalme. Den oppsummerer i berre tre vers heile grunnlaget for den kristne trua. Melodien er også avgjørende for valet. Händels flotte melodi er full av overskot og kraft, den løftar heile salmen til ein jubelsong, som det passar på påskemorgon. Når orgel og evt messingblåsarar spelar opp til denne salmen, då er det høgtid!

Du lurar kanskje på dei to andre. Den enkle nynorske salmen “Å leva det er å elska det beste di sjel fekk nå”, er ei alltid viktig påminning for meg. Og så vert eg alltid rørt over dåpssalmen “Fylt av glede over livets under”. Den er vakker.

Jon Askeland  
Ordførar i Radøy

# Familienytt



## Døypte

### Dåpsdato

30.11.2014 Elias Nordal Askeland  
 14.12.2014 Ellinor Grindheim Håland  
 18.01.2015 Marte Cecilie Kvalheim  
 18.01.2015 Didrik Tobias Vestheim Dale  
 18.01.2015 Viktor Pletten Skråmestø  
 08.02.2015 Mathias Sylta Myking  
 08.02.2015 Marius Villanger  
 08.02.2015 Thea Westrum  
 15.02.2015 Rikke Seifaldet  
 15.02.2015 Karoline Helland Andersson  
 15.02.2015 Isabella Sagstad Ohnstad  
 15.02.2015 Gabriel Alexander Villanueva Myking  
 22.02.2015 Markus André Thomassen Veland  
 22.02.2015 Lucas Scott Evensen  
 22.02.2015 Jonas Gaustad  
 22.02.2015 Jonah Øren Johansen



## Døde

### Seremonidato

28.11.2014 Alvhild Dalland  
 05.12.2014 Asbjørn Villanger  
 02.01.2015 Torleiv Haukeland  
 30.12.2014 Vemund Gunnarson  
 06.01.2015 Randi Villanger  
 09.01.2015 Birger Johan Marius Bruksås  
 27.01.2015 Helge Harald Rikstad  
 30.01.2015 Lisbeth Helland  
 25.02.2015 Sigurd Solheim  
 20.02.2015 Anna Aslaug Ulvatn  
 06.03.2015 Linda Bente Nordvik  
 10.03.2015 Mona Irene Nygård Andersen  
 10.03.2015 Solveig Tolleshaug Dale

## KAFFEKROKEN



## Kan du hjelpe?


Vi treng skifer til taket på det nye reidskapshuset på Hordabø. Planen er å nyta såkalla dråpeskifer 12x18. Dersom nokon har god, brukt skifer ver gild å ta kontakt med kyrkjekontoret.

# Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
23.11 Kristi kongedag	Den evangelisk lutherske kirke i Jordan og Det hellige land	2385
30.11 1.sundag i adventstida	Trusopplæring i Radøy	2223
07.12 2.sundag i adventstida	KRIK	2105
14.12 3.sundag i adventstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy	1227
24.12 Julaftan	Kirkens Nødhjelp (3 offer)	20289
	Kirkens Bymisjon	11527
25.12 Juledag	Det Norske Misjonsselskap	3570
01.01 Nyårsdag	Den Norske Israelsmisjon	1660
04.01 Kristi openberringsdag	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy	1296
11.01 2.sundag i openberringstida	Det Teologiske Menighetsfakultetet	Messefall
18.01 3.sundag i openberringstida	Trusopplæring i Radøy	3370
25.01 4.sundag i openberringstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	5061
01.02 Såmannssundagen	Den Norske Bibelselskap	3548
08.02 Kristi forklæringsdag	Bergen søndagsskolekrets	2338
15.02 Fastelavnssundag	Himalpartner	2955
18.02 Oskeonsdag	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy	415
22.02 1.sundag i fastetida	Trusopplæring i Radøy	2206
01.03 2.sundag i fastetida	Familie og medier	2794
08.03 3.sundag i fastetida	Misjonsalliansen	2534

Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):  
 Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):  
 Offer til andre organisasjoner:

Hittil i 2015	3583,00	SUM 2014	10823,00
	5028,00		32569,00
	13492,00		93883,00



# R A D A R

MELDINGSBLAD FOR  
HORDABØ • MANGER • SÆBØ

NR 5 | 22. DESEMBER 1985 | 1. ÅRGANG

*Radar 30 år!*

I år er det 30 år sidan det første nummeret av kyrkjebladet vårt, Radar, kom på trykk! Dette kjem vi til å skrive meir om seinare i år, men her får du eit par små tilbakeblikk frå året 1985. Desse har vi fått tilsendt av tidlegare sokneprest, og bladet sin første redaktør, Per Einar Sønnesyn.

## Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS  
815 33 300  
[www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



**MANGER  
GRAVMONUMENT**  
5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale  
[terje.skjelvik@broadpark.no](mailto:terje.skjelvik@broadpark.no)



**KVALHEIM EIENDOM AS**  
Idrettsvegen 7 5936 Manger  
Tlf: 56374073  
[kval.wvs@frisurf.no](mailto:kval.wvs@frisurf.no)

RADAR VART  
NAMNET  
\*\*\*\*\*

Det vart hard tevling heilt til målstreken mellom dei tre namnneframlegga som stod att:  
Kyrkjebladet Vårt 17 røyster  
Godt Nytt 17 "  
Radar 20 "

Vinnarnamnet var innsendt av Liv Sønnesyn, som får bokpremie etter eige val.

Mellom dei som hadde røysta på vinnaren vart Astrid Myrtveit uttrekt til gåvekort på kr.100. Og mellom alle innsendarane fekk Arvid Kjerstad Aasgard frukt eller konfekt til kr.50,- Me ynskjer vinnarane til lukka, og takkar alle som var med!



BLOMSTERFORRETNING  
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60  
[www.fiskenett.no](http://www.fiskenett.no)

**Nordhordland Begravelsesbyrå as**  
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug  
Idrettsvegen 1, 5936 Manger  
Tlf. 56 37 14 10  
Gravferdsbyrå for heile Nordhordland  
[post@nordh-bb.no](mailto:post@nordh-bb.no) / [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

**Vatne  
Begravelsesbyrå**  
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø  
Tlf 56 35 09 10 - Vaktteléfono  


 **MTI  
IT SERVICE**

  
**OKO NOR**  
ACCOUNTOR GROUP  
Tlf 56 35 55 80

**BUNNPRIS**

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

 **SparebankenVest**

**REMA 1000**  
bare lave priser

Manger Senter  
07-23 (09-21) 5637 2255

  
**Tannlege  
Sonde Villanger Håland**

Grønålvegen 18, 5936 Manger  
Telefon: 56 37 00 40  
[info@tannlege.so](mailto:info@tannlege.so) [www.tannlege.so](http://www.tannlege.so)

  
**Tørkeloftet AS**  
Blomster & interiør  
Manger Senter  
Tlf: 56374020  
[tørkeloftet@gmail.com](mailto:tørkeloftet@gmail.com)  
Vi hjelper deg med blomster til alle anledninger.

**Smiths**

møte- og selskapslokale  
**Manger— Ring 56 37 31 11**  
leverer snittar, koldtbord og varm mat

  
**Rune Ulvatn AS**  
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

# *Vel møtt i kyrkja!*

Sjå også nettsidene våre:  
kirken.no/  
radøy

søndag 29. mars	1100	Manger. Gudsteneste. Offer: KIA.
torsdag 2. april	1900	Hordabø. Gudsteneste. Offer: Trusopplæring i Radøy. Kveldsmat.
fredag 3. april	1900	Hordabø. Pasjonsgudsteneste.
søndag 5. april	1100	Hordabø. Gudsteneste. Offer: Misjonsprosjektet vårt i Estland. Påskefrukost i kyrkja fra kl 0930.
søndag 12. april	1100	Manger. Gudsteneste. Offer: Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet.
søndag 19. april	1100	Sæbø. Gudsteneste. Offer: Misjonshøgskulen i Stavanger.
søndag 26. april	1100	Hordabø. Gudsteneste. Offer: Kirkens SOS i Bjørgvin.
laurdag 2. mai	1100	Sæbø. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer: Trusopplæring.
	1300	Sæbø. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer: Trusopplæring.
søndag 3. mai	1100	Emigrantkyrkja. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer: Trusopplæring.
laurdag 9. mai	1100	Hordabø. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer: Diakoni & kyrkjemusikk.
	1300	Hordabø. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer: Diakoni & kyrkjemusikk.
søndag 10. mai	1100	Manger. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer: Trusopplæring.
	1300	Manger. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer: Trusopplæring.
torsdag 14. mai	1100	Solendfjellet. Friluftsgudsteneste. Offer: Fjon fjellkyrkje.
søndag 17. mai	1000	Manger. Gudsteneste. Offer: Kirkens Nødhjelp.
	1100	Sæbø. Gudsteneste. Offer: Kirkens Nødhjelp
	1115	Hordabø. Gudsteneste. Offer: Kirkens Nødhjelp.
	1230	Emigrantkyrkja. Gudsteneste. Offer: Kirkens Nødhjelp.
søndag 24. mai	1100	Sæbø. Gudsteneste. Offer: Misjonsprosjektet vårt i Estland.
måndag 25. mai	1300	“Katedralen” på Bø. Friluftsgudsteneste. Offer: Misjonsprosjektet.
søndag 31. mai	1100	Manger. Gudsteneste. Offer: IKO - Kirkelig pedagogisk senter
søndag 7. juni	1100	Hordabø. Gudsteneste. Offer: Trusopplæring i Radøy.
søndag 14. juni	1100	Manger. Gudsteneste. Offer: Kirkens Bymisjon
søndag 21. juni	1100	Tjorehagen. Friluftsgudsteneste. Offer: Fjon fjellkyrkje.
søndag 28. juni	1100	Manger. Gudsteneste. Offer: Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy.

Hugs å sjekka kalenderen på [www.kirken.no/radøy](http://www.kirken.no/radøy) for oppdatert informasjon om gudstenester og for oversikt over andre arrangement og tilbod i kyrkjelyden!

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den nærmaste kyrkja,  
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”  
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Redaksjon: Ludvig Grindheim, Elin Klausen, Silje Kristin Ellingsen  
Utforming: J.William Kay • E-post: [radar@radloysokn.no](mailto:radar@radloysokn.no) • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik  
Bilete: © Kirkerådet (side 6-7), Arthur Kleiveland - Radøy kommune, Audun Sylta.



DEN NORSKE KYRKJA  
Radøy sokn

